



Nystølen Eigedom AS
Heine Fyllingsnes
c/o Heine Fyllingsnes Litlevågsbrotet 9
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/88 - 21/5657

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2021

Løyve til riving av einebustad - gbnr 214/41 Fyllingsnes

Administrativt vedtak: Saknr: 124/21
Tiltakshavar: Nystølen Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Reknes Byggjevarer LI
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til riving av eldre einebustad på følgjande vilkår:

1. Tiltaket som skal rivast er vist i situasjonsplan datert 15.12.2020 og har bygningsnummer 176290528.
2. Ansvarleg føretak for nedbrenning er Nordhordland brann og redning, organisasjonsnummer 935084733.

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av eldre einebustad ved nedbrenning. Tiltaket har bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 104 m².

Det vert elles vist til søknad motteken 05.01.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.01.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Nystøltunet gnr 214, bnr 41 m.fl. er regulert til bustadføremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 15.12.2020.

Vatn og avløp (VA)

Vatn- og avlaupsleidningar er ikkje i konflikt med tiltaket.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

Alt avfall skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING:

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf.

kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/88

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om arbeidet ikkje er sett i utført innen 3 år, fell løyvet bort.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nystølen Eigedom AS	c/o Heine	5913	EIKANGERVÅG
	Fyllingsnes		
	Litlevågsbrotet		
	9		
Reknes Byggjevarer LI	Masfjordvegen	5986	HOSTELAND
	187		